



Saksframlegg

Forskrift om permisjon frå opplæring i Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har: hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Forskrift om permisjon frå opplæring i Fyresdal kommune

Bakgrunn for saka:

Bakgrunn for saka: I samband med innføring av ny opplæringslov for grunnskule, skal alle kommunar lage og godkjenne lokale forskrifter på nokre område. Ein har lagt malane som er publisert av Utdanningsdirektoratet som grunnlag. Etter gamal opplæringslov er det gjort unntak frå kunngjeringskravet i Norsk Lovtidend (Lovdata) i forvaltningslova § 38 for fleire lokale forskrifter. Dette unntaket er fjerna i den nye opplæringslova. Det betyr at kommunane og fylkeskommunane skal kunngjere fleire forskrifter i samband med lova som trådde i kraft 1. august 2024. Lokale forskrifter som gjeld frå og med hausten 2024 bør i så stor grad som mogleg bli fastsett og kunngjerast etter ny lov. Lokale forskrifter etter gamal lov kan likevel framleis gjelde.

Kommunene og fylkeskommunene skal fastsette lokale forskrifter

Tema	Hvem	Hjemmel
Permisjon fra skolen	Kommunen	Opplæringsloven § 2-2 (4)
Skolefritidsordning (SFO)	Kommunen	Opplæringsloven § 4-5 (5)
Skoleregler	Kommunen og fylkeskommunen	Opplæringsloven § 10-7
Skolerute	Kommunen og fylkeskommunen	Opplæringsloven § 14-1 (2)
Hovedmål ved den enkelte skole*	Kommunen og fylkeskommunen	Opplæringsloven § 15-2

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for oppvekst og utdanning;

Arbeide for å opprettehalde lågt fråfall i vidaregåande skule

Arbeide for eit godt læringsmiljø i barnehage og skule

Gimle skule har hatt ein praksis for handsaming av permisjon i skulen, men denne har ikkje vore nedfelt i noko reglement. Målet med forskrifta er at den skal gje reglar for når og i kva for omfang elevar kan få permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa i Fyresdal kommune. Skulen har som mål å gje elevane eit trygt, inkluderande og lærerikt sosialt og fagleg fellesskap. Ein tydeleg handheving og regulering av permisjon sikrar høg deltaking av kvar einskild elev inn i skulefellesskapet.

Elevar skal kunne søke om permisjon og då er det viktig at det føreligg eit godt reglement for forsvarleg handsaming. Etter Opplæringslova § 2.2 «Plikt til grunnskuleopplæring» er det no krav til lokal forskrift om permisjon frå opplæring i grunnskulen.

Konklusjon:

Forskrifta må ut på høyring i forkant av godkjenning. Høyringsfristen for forskrifter er vanlegvis 6 veker. Høyringsinnspel vil så bli vurdert og lagt fram for kommunestyret i samband med endeleg godkjenning. Forskrifta skal leggst ut på Lovdata etter at den er godkjent av kommunestyret.

Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg legg forskrifta ut på høyring til Gimle skule ved tilsette, elevråd og leiar for Foreldreutvalet. Samarbeidsutvalet representerer både tilsette, foreldre og elevar og er også eit naturleg utval å sende høyringa til. Foreldreutvalet og Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg om alle saker som gjeld skulen, inkludert høyringsframlegg som skulen får.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Forskrift om permisjon frå opplæring i Fyresdal kommune leggst ut på høyring. Høyringsfrist blir sett til 29.01.26.

Endeleg godkjenning av forskrifta gjerast av kommunestyret.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Liv Johre-Bakke
	kommunalsjef kultur og oppvekst